



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201405411-20	18.05.2022	80981/2022/K70	Johnny Loen, 71 28 02 43	29.06.2022

## Ålesund kommune - konsesjon for regulering av Brusdalsvatnet til drikkevassforsyning (vassressurslova) - fråsegn til søknad

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### Innleiing

Saka gjeld ein søknad frå Ålesund kommune om konsesjon for regulering av Brusdalsvatnet, som er kommunens største drikkevassressurs. Søknaden er fremma etter initiativ frå NVE, jamfør vassressurslova § 66. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

### Planfagleg vurdering

Søknaden inneber for ein stor del formalisering av ein situasjon som allereie har vore etablert i mange år. Det er snakk om noko auke i reguleringshøgda, men samstundes også vilkår om minstevassføring, som hittil ikkje har vore noko formelt krav. Dette er i utgangspunktet positivt og vil ikkje endre arealbruken vesentleg. Der er likevel andre forhold i vassdraget som må vurderast nærare gjennom vilkår når det no skal konsesjonsbehandlast. Sjå merknader nedanfor.

### Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027 blei godkjent i Fylkestinget no i desember, og skal sluttgodkjennast av Klima- og miljødepartementet i løpet av 2022, etter samråd med andre departement. Regional vassforvaltningsplan set miljømål i vassførekomstar, inkludert grunnvatn. Hovudmålet er god kvantitativ og

kjemisk tilstand i grunnvassførekomstar i løpet av planperioden. Måla dannar grunnlaget for korleis ein skal sikre vassressursane våre mot øydelegging.

Vassforvaltningsplana skal leggest til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl § 8-2 og vassforskrifta §29. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må behandlast etter vassforskrifta § 12.

Formålet med konsesjonssøknaden er primært å fastsette krav til minstevassføring, men med utgangspunkt i at Brusdalsvatnet framleis skal vere hovudvassskjelde for Ålesund. Dette er ei oppfølging av tiltak fastsett i regional vassforvaltningsplan. Søknaden gjeld dermed uttak av inntil 55 000m<sup>3</sup>/døgn råvatn og regulering av Brusdalsvatnet mellom HRV (Høgste Regulerte Vasstand) kote 26,117 og LRV (Lågaste RV) kote 24,77, med minstevassføring 180 l/s. Dette er søkt som prøveregelement i fem år, for uttesting. Samstundes skal det etablerast overvaking av vassføringa og verknadene.

Tiltaket vil påverke Brusdalsvatnet (101-1982-L) i moderat tilstand, Litlvatnet (101-31429-L) som er i god økologisk tilstand, Spjelkavikelva nedre del (101-49-R) med moderat økologisk tilstand og Spjelkavikelva øvre del (101-47-R) med god økologisk tilstand. Alle desse vassførekomstane har mål om god økologisk tilstand i regional vassforvaltningsplan 2022-2027.

Norconsult har utarbeidd ei konsekvensutreiing for tiltaket. I tillegg har NORCE utarbeidd eit notat med tilleggsvurderingar på oppdrag frå Brusdalsvatnets grunneigerlag. Møre og Romsdal fylkeskommune har lagt vekt på begge desse.

Vi er i utgangspunktet positiv til søknaden. Ei minstevassføring på 180 l/s tilsvarer alminneleg lågvassføring. Det er positivt at dette formaliserast og det vil i utgangspunktet ivareta fisk- og muslingbestander. Det er i midlertidig andre forhold i elva som det må takast omsyn til i konsesjonsbehandlinga, dersom miljømåla skal oppfyllest:

- Ombygd dam i Brusdalsvatnet må sikre fiskevandring under alle vasstandar. Utforminga nedstrøms lukene må vere slik at fisk ikkje nyttar området til gyting eller oppvekstområde, men samtidig sikrar at fisk kan vandre opp ved flaum

- Ved utløpet av Lillevatnet, blir delar av vassføringa leia inn i ein kanal som i dag ikkje har noko funksjon, etter det vi har forstått. Kanalen renn tilbake til hovudelven lenger nede, gjennom en overløpsbekk. Minstevassføringa er tenkt målt ved utløpet av Brusdalsvatnet, men delar av vatnet forsvinn i kanalen. I praksis vil dette bety at minstevassføringa for store delar av vassdraget ikkje gir tilstrekkeleg verknad. For å sikre minstevassføring i heile vassdraget, må kanalen stengast slik at vatnet går i hovudløpet. Kanal bør likevel framleis vere aktiv som flomsikring, der inntaksnivået blir heva med sikte på at det berre i større flomsituasjonar (10 årsflom) går vatn der.

- Dammen i Litlevantet har etter det fylkeskommunen erfarer heller ingen funksjon i dag og bør fjernast.

- Kulvert under KIWI har gode passasjemoglegheitar i øvre del, men nedre del er brattare og har betongbotn. Her er ei lita fisketapp frå før. Ved låge vassføringar kan passasje likevel vere utfordrande og fisketrappa bør utvidast med fleire trinn inn i kulverten.

- Auka uttak av drikkevatt frå Brusdalsvatnet vil kunne føre til at elva gjennom lengre tørre periodar og i tørre år blir liggande på minstevassføringa. Dette er ikkje optimalt for

oppvandring av fisk, og vil kunne ha varige, negative effektar for både fisk og elve-  
musling, Lokkeflaumar må derfor formaliserast i konsesjonen.

Med dette som vilkår for konsesjonen, er Møre og Romsdal fylkeskommune positiv til  
søknaden.

**Konklusjon**

Vi viser til merknader ovanfor og ber om at dei blir tekne omsyn til i den vidare  
behandlinga av saka.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Fagsaksbehandlar:

Vassforvaltning: Rådgivar Håkon Sløutaas, tlf. 71 28 03 52

Kopi:  
Ålesund kommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal